

VINDAFJORD KOMMUNE


RETTLEIAR UTØVANDE LOGOPED

Logoped for barn og unge etter opplæringslova



Revidert 14. september 2022

Nils Erik Eide, kommunalsjef oppvekst, Liv Ingunn Heie Medhaug leiar PPT Etne og Vindafjord og Inger Kathrine Sundve, logoped MNLL



Kva er logopedi?

Logopeden utgreier og arbeider med menneske som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, stemmevanskar, språk- og talevanskar, taleflytvanskar (stamming eller løpsk tale) og svelgevanskar. Det er fleire årsaker til at menneske kan ha problem med å kommunisera. Nokon er født med det, mens andre har fått vanskanen på grunn av sjukdom, skade eller ulykke, som for eksempel hjerneslag eller hovudskader. Som logoped må ein vurdere om tiltaka bør vera i form av førebygging, diagnostisering, undervisning og/eller rådgjeving. Ein logoped samarbeider med mange andre yrkesgrupper. Dette kan dreia seg om lærarar, barnehagelærarar, spesialpedagogar, pedagogisk-psykologiske rådgjevarar og andre tilsette i barnehage, skule og barnehage og skule sitt støttesystem. Ein logoped kan også samarbeida med helsepersonell som legar, psykologar, fysioterapeutar, sjukepleiarar og ergoterapeutar. (Norsk Logopedlag)

Barn som strever med enkeltlyder, opp til 2.-3.-klasse:

Det er klart innan normalvariasjonen at barn ikkje har alle språklydane på plass, og fortsatt kan ha ein umoden uttale. Tannfelling og finmotorisk modning er blant årsakene til dette.

R-lyden vert etablert rundt 6 års alder, hos mange seinare.

Med mindre det er samansette vanskar eller særskilde årsaker til at barn ikkje følgjer forventa taleutvikling, er det ikkje anbefalt å trene spesielt på enkeltlydar/ lydkombinasjonar. Ein normal modningsprosess skal få gå i eige tempo.

PPT anbefaler ei grundig undersøking av barnet si høyrslé, samt at barnet skal ha vore igjennom lyd- og bokstavinnlæring på skulen før det vert vurdert å tilvisa til logoped ved vanskar kun i forhold til plassering/uttale av enkeltlydar.

Generelt vil munnmotoriske utfordringar som grimasar, mimikk, såpebobleblåsing, tygging av hard mat (rotfrukt, knekkebrød) vera aktivitetar som stimulerer og bevisstgjer taleapparatet sine moglegeheiter og avgrensingar. Dette er rørsler som er nyttig for alle og som bidreg til dagleg trening av taleapparatet. Den viktigaste treninga skjer ved at språket vert utvikla dagleg gjennom snakking, song og stemmebruk i leik. Det er viktig å invitera til kommunikasjon, oppmuntra til samtale og verdsetja det uttrykket barnet har. Vel så viktig er det å ha fokus på at barnet har omgrep og forstår innhaldet i dei.

Rådet er å følgja med i den språklege utviklinga. Barnehagar og skular er gode på kartlegging av barn si språklege utvikling. Det vert gjeve råd om at dette vert gjort som grunnlag for ei eventuell seinare drøfting med PPT.


Dersom barnet ikkje følgjer si eiga utviklingskurve slik det er forventa, har barnehage/skule anledning til å drøfte uro rundt barn si utvikling med PPT.

Ut frå dette vurderer ein tiltak og om ein skal tilvisa saka til PPT.

Utøvande logoped

For at logopedtiltaket skal vera opplæring etter opplæringslova, med den fylgje at kommunen står ansvarleg, må fylgjande punkt vera oppfylt:

- Tiltaket må stå under skulen si leiing og ansvar
- Aktiviteten må skje innanfor ramma av det fastsette undervisningstimetale
- Aktiviteten må ha eit pedagogisk siktemål som er innretta på å nå dei måla som går fram av opplæringslova sin føremålsparagraf, §1-2
- Aktiviteten må innebera ei oppfylling av det sentralt fastsette læreplanverket for grunnskulen, eller innebera ei oppfylling av ein individuell opplæringsplan som er fastsett i høve til opplæringslova §5-5.



- For barnehage må logopedtiltaket vera forklart i sakkunnig vurdering og vedtak, og stå under barnehagen si leiing.

Logopedhjelp etter helseovgjevinga fell utanfor desse kriteriene. Dette kan gjelda logopedbehandling grunna sjukdom, skade eller lyte. Her kan ein søkja behandling hos privatpraktiserande logoped, med refusjon frå HELFO. Intensiv innsats med språkopplæring ved afasi, sett i gang kort tid etter eksempelvis hjerneslag, gjev best resultat på lang sikt, og det er difor viktig at behovet for logopedhjelp i akutfasen vert vurdert. Slik logopedhjelp i akutt fase fell utanfor det som er å rekna som opplæring etter opplæringslova; jmf. kriteriene over, og skal vera rekna som ei helseteneste etter helseovgjevinga.

Tilvising til logoped

Ved behov for logopedvurdering tilviser ein til PPT på ordinært tilvisingsskjema med vedlegg «Behov for kontakt med logoped». Er behova samansette, legg ein ved pedagogisk rapport og tiltakslogg.

PPT gjennomfører inntakssamtale og drøftar med foreldre/føresette ei vidare tilvising til fastlege og eventuell ei vidare tilvising til øyre-, nase-, halsspesialist. Spesialisten uttalar seg om organiske vanskar ligg til grunn for artikulasjonsvanskane, d.v.s. sjukdom, skade eller lyte (for eksempel organiske forhold ved taleapparatet som fører til artikulasjonsvanskar, knutar på stemmeband, nedsett høyrslé eller anna) Uttalane (tilvising til spesialist frå fastlegen og uttale frå spesialisten) vert sendt samla til PPT. PPT utarbeider sakkunnig vurdering, der tilråding for logoped er inkludert.

Kriterier og vilkår

Dersom barnehagar og skular søker om logopedteneste som del av spesialpedagogisk tilbod, skal logopedtiltaka vera tilrådd i sakkunnig vurdering frå PPT og vera del av barnet/eleven sitt enkeltvedtak.

Avtale om tenesta sitt omfang og organisering


1. Både logoped og tenestemottakar (styrar/ rektor) kan ha behov for å avklara rammene for tiltaket. I kvar sak må barnehage- og skuleeigar/einingsleiar gjera avtale med logoped om omfang og varighet av tiltaket.
2. Ved endring i omfang eller varighet må logoped gjera avtale med barnehage- og skuleeigar/ einingsleiar i forkant.
3. Tenestemottakar må:
 - Syta for å ha eit høveleg lokale for logopeden
 - Gje naudsynt informasjon til barnet/ den unge og foreldre/ føresette
 - Ha gode interne rutinar for å melda frå til logopeden om eventuelle endringar eller dersom barnet/ den unge er borte frå barnehagen/ skulen.

Kontakt med foreldre/føresette og samarbeid med andre

Den enkelte barnehage/skule har i utgangspunktet ansvar for all kontakt med foreldre/føresette. Dersom logopeden har direkte kontakt med foreldre/føresette, skal barnehagen/skulen v/leiar ha kjennskap til art og omfang av dette.

Dersom logopeden har behov for direkte kontakt med andre instansar som har kjennskap til barnet/eleven, slik som PPT, BUP, Statped eller andre tenester, må barnehagen/ skulen v/leiar innhenta samtykke frå foreldre/ føresette. NB! Nokon instansar krev skriftleg samtykke.

Logopeden kan vera med på barnehagen/skulen sine samarbeidsmøte, tilbakemeldingsmøte og liknande med foreldre/ føresette og andre instansar, dersom dette er ynskjeleg og etter avtale.



Sakshandsaming

Saker vert registrerte og fordelte på ordinær måte ved PPT.

Det vert gjort kartlegging og utarbeida sakkunnig vurdering, som grunnlag for vedtak.


Etter at vedtak er gjort, sender einingsleiar barnehage/skule bestillingskjema til logoped, via PPT.e.

Rapportar

Rapport etter gjennomført oppdrag vert skrive og sendt til den enkelte barnehage/skule som er oppdragsgjevar, med kopi til foreldre/føresette og PPT. I rapporten skal det stå kva logopeden har gjort og kva behov barnet/ eleven har for oppfylgning i barnehagen/ skulen sin regi. Det skal også gå fram i rapporten kva vedlegg som eventuelt fylgjer med rapporten.

Prosedyre ved avslutning av oppdrag

Saker vert avslutta etter endt oppdrag etter avtale med oppdragsgjevar. Logoped melder frå til einingsleiar at sak kan avsluttast. Det vert sendt ut avslutningsbrev.



Kjelder:


Norsk logopedlag

Udir sine rettleiarar for spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisning

Kunnskapsdepartementet, skriv datert 01.07.2014

Helsedirektoratet, skriv datert 26.09.2017

Informasjon frå Bergen kommune, Odda kommune, Nittedal kommune



Vedlegg til tilvising PPT Etne og Vindafjord

BEHOV FOR KONTAKT MED LOGOPED

Gjeld barn/ungdom: født dato.....

Kontaktperson er: Tlf. Epost:.....

Set x i rutene som er aktuelle

- Språklydar
- Språkvanskar
- Å setja saman ord til setningar
- Stammering / stotring / taleflyt
- Stemmevanskar
- Anna

Kva ynskjer ein hjelp til?

Kva er tidlegare blitt gjort for å avhjelpa problemet? Kva tiltak er sett i gang?

NB! Ansvar for informasjon til og kontakt med føresette i samband med tilvisinga går via sakshandsamar på PPT. Logopeden fylgjer direkte opp tiltaket knytt til logopedtrening etter avtale og retningslinjene for slike oppdrag.

Dato: Foreldre/føresette:

Dato: Ungdom over 15 år:

Dato: Leiar barnehage/skule:

